# Meland kommune

Advokat Vegard Nataas
Tollbodalmenningen 1b
5004 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | 07.09.2016 |
|---|---|---|
| Dykkar: | Marianne Aadland Sandvik | |
| Vår: 16/2193 - 16/17097 | marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.no | |

## Mangelsbrev - GBNR 23/567 - Søknad om løyve til deling av grunneigedom

Viser til søknad om løyve til deling av grunneigedom, journalført motteke 30.8.2016.

Det følgjer av reguleringsplan for Elvaåsen, planid: 125620110003, føresegn 3.1 pkt. 2 at maksimal tomteutnytting går fram av plankartet. I følgje plankartet kan BK01, BK02 og BK03 ha ei maksimal tomteutnytting på 40% BYA. Administrasjonen er einig i at utbygginga skal reknast ut ifrå fastsatt tomteutnytting på det enkelte området.

Når det gjeld oppretting og endring av eigedom følgjer det av plan- og bygningslova (pbl) § 26-1 at «endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.» Ei deling som omsøkt vil innebere at to av eigedomane får høgare utnyttingsgrad enn 40% BYA. Ved deling må kvar tomt oppfylle kravet til maksimal utnyttingsgrad innanfor området.

Det ovannemnde inneber at det må søkjast om dispensasjon frå fastsatt utnyttingsgrad i reguleringsplanen for to av tomtane, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 12-4 første ledd.

Vi avventer vidare handsaming til søknaden er fullstendig, jf. pbl § 21-4.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Advokat Vegard Nataas | Tollbodalmenningen 1b | 5004 | BERGEN |